


KOMMUNEDELPLAN FOR

TIDLEG INNSATS OG LIVSMEISTRING



INFORMASJONSPAKKE TIL BARN OG UNGE



KVA ER PLAN FOR TIDLEG INNSATS OG LIVSMEISTRING?

Det vert ofte sakt at ein god barndom varar heile livet. Altså at det gode me opplever i barndommen har me også nytte av når me vert vaksne. Det er dette planen for tidleg innsats og livsmeistring skal handle om. Men kva er eigentleg ein plan, tidleg innsats og livsmeistring?

Kva er ein plan? Alle kommunar i Noreg må planlegga for framtida. Då er det viktig at me vert einige om kva me skal satsa på, og kva som ikkje skal satsast på. -Og kva me skal gjera for å oppnå dei måla me har satt oss. Dei tinga me vert einige om å gjere vert skrive ned i eit dokument (mange ark), og då har me laga ein PLAN! Når planen er ferdig seier den kva alle som jobbar i kommunen skal gjere i jobben sin. Kva som er viktig og kva dei skal fokusera på.

Ein plan for tidleg innsats og livsmeistring skal sei noko om korleis me skal jobba i møte med barn og unge. Korleis me saman skal arbeide for at alle barn og unge på Voss får ein god barndom som varar heile livet.

Og her kjem dei store spørsmåla som me må finne ut av saman.

Kva er viktig for at alle barn og unge skal ha det godt no, og seinare i livet?

Då er det særleg viktig å høyra kva de som er barn og unge tenker! Me håpar at DU vil vere med å påverke innhaldet i planen gjennom å sei noko om kva som er viktig for deg for å ha det bra.

De kan skriva eller teikna, gje innspel åleine eller saman med ein ven, klassekamerat eller voksen. Me kan ikkje lova at alt vert tatt med, men me kan lova at ALT VERT LEST OG HØYRT!

